

Medlemsinfo november 2012

JØLSTER SAU OG GEIT inviterer til **FJØSMØTE** **ONSDAG 7. NOVEMBER KL. 19.30**

HOS JOHANNES NEDREBØ.

Tema:

Rigging, rett underlag og plassering av klippeplass.

Klippeutstyr, klipping, sortering av ull.

Heilårsull vs haustull?

Praktiske løysingar i fjøset ved veging, lamming, skiljing, ut/innjaging.

Saueunderlag (strekkmetall, treverk, talle, komposit). Innreiing.

Kort og godt ein sosial kveld, med utveksling av gode og dårlege løysingar, før kvar og ein vert ”opptatt” med veren.

Alle sauebønder, sjølv dei ”utlærde” kan snappe opp gode idear av andre.

Instruktør/retteiar: Inge Erikstad/Johannes Nedrebø

VEL MØTT

LANDSMØTE I NSG 2013 – VAL

NSG held landsmøte på Gjøvik 13. – 14. mars 2013. I følgje NSG sine lagslover er **alle** tillitsvalde (ordførar, varaordførar, 3 geiterepresentantar, 3 vararepresentantar for geiterepresentantane, styreleiar, 6 styremedlemer og 3 vararepresentantar til styret), på val ved kvart landsmøte. Av dei som vart valde i 2011 har følgjande personar takka nei til attval:

Ordførar: Aslak Snarteland

Styreleiar: Ove Ommundsen

Nestleiar: Magnhild Nymo

Styremedlem: Steinar Bergerud

3. vara geit: Laila Jensen Skulbru

Valnemda i NSG ønskjer framlegg på kandidatar til dei ulike tillitsverva og har bedt lokallaga om å komme med framlegg. Dersom nokon av medlemane har forslag til kandidatar, må namn og adresse på vedkommande, sendast Ragnhild Sæle, Ålhus, 6847 Vassenden eller ragnhild.saele@eninvest.net **innan 9. november**. (Jølster Sau og Geit har frist til 10. november, med å komme med innspel til fylkeslaget). Kandidatane bør spørjast på førehand.

KLIPPEKURS

Jølster Sau og Geit, har i samarbeid Gloppen Sau og Geit / Breim Sau og Geit, søkt om midlar til eit klippekurs. Det har vi fått. Personar som er interessert i å delta på eit klippekurs kan kontakte Jølster Sau og Geit v/leiar.

ULLSEKKAR

Vi har no fått fylt på att, med ullsekkar hos Johannes Nedrebø. Dei som har behov for sekkar hentar dei der, noterar namn og antall sekkar. Eventuelt kan dei sende namn og antall sekkar til 416 33 342. Pris pr. sekk er kr 6,- + mva. Det er Jølster Landbrukstenester SA som har kjøpt inn sekkane, og som sender ut faktura, for at ein skal få att moms. Faktura vert som regel sendt ut i desember, for heile året. Dersom det er nokon som har henta sekkar og som ikkje har fått faktura, så ber ein om at dei tek kontakt med Jølster Landbrukstenester SA. NB sekkar som er henta i 2012 vert ikkje fakturert ut før i desember.

INNSPEL TIL JORDBRUKSTINGINGANE 2013

Styret i Jølster Sau og Geit ønskjer innspel frå medlemmane, når det gjeld saker som vi bør ha fokus på, i høve jordbrukstingingane 2013. Eventuelle innspel bør vere styret i hende innan 6. januar 2013.

ARBEIDSPPLAN FOR 2013

Det nærmar seg slutten på 2012, og det er på tide å begynne å tenkje på kva ein skal arbeide med i 2013. Styret i Jølster Sau og Geit ønskjer innspel frå både saue- og geitehaldarar på kva vi skal arbeide med i 2013. Har det forslag til kurs, fagmøter m.m., så ta kontakt med leiar pr. e-post, brev eller telefon slik at vi kan få det med på arbeidsplana som skal opp som sak på årsmøtet. Vi ønskjer og forslag til ”aktivitetar” som vi kan arrangere i lag med andre lokallag. I 2012 har vi hatt ein del samarbeid med lokallaga i Gloppen og Breim. Det tykkjer styret har vore bra.

ÅRSMØTE

Årsmøte skal haldast innan 1. februar. Minner om at saker som eit medlem ønskjer skal takast opp på årsmøte, må vere styret i hende **seinast** 8 dagar før årsmøtet.

JØLSTER SAU OG GEIT – heimeside

Minner nok ein gong om at ein ved å gå inn på www.nsg.no/sfsg/joelster kan finne informasjon, som kan vere av interesse. Har de informasjon som de vil ha lagt ut, så ta kontakt med Jonny Lofnes.

E-postadresse

Får du dette informasjonsskrivet pr. post, men har e-postadresse (som du brukar), så send den til leiar: ragnild.saele@enivest.net.

STYRET